

MØTEBOK

REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL

Møtedato: Fredag 24.6.2016

Stad: Hol, Høgehaug

Desse møtte frå Regionrådet:

Petter Rukke,	Hol kommune
Solveig Vestenfor,	Ål kommune
Heidi Granli,	Gol kommune
Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Tore Haraldset,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard, dagleg leiar

Frå Buskerud fylkeskommune møtte:

Anne Sandum, fylkeskontakt

Sigurd Fjøse, regionkontakt

Frå rådmannsutvalet møtte:

Tone Tveito Eidnes,	Ål kommune
Ole Johnny Stavn,	Hemsedal kommune
Torbjørn Hansen,	Nes kommune
Odd Egil Stavn,	Flå kommune

SAK 30/16 GODKJENNING AV MØTEBOK 30.5.2016

Vedtak

Møtebok 30.5.2016 vart godkjent.

SAK 31/16 FELLES FORLIKSRÅD I HALLINGDAL?

Brit Fyksen Gol og Hemsedal lensmannskontor og Pål Kasper Mikkelerud Ål lensmannskontor orientert om arbeid med eventuelt felles forliksråd i Hallingdal.

Vedtak

1. Til regionrådsmøte august 2016 utarbeidar dagleg leiar sak om eventuelt felles forliksråd for Hallingdal. Saka vil gå vidare for handsaming i den einsskilde kommune.
2. Regionrådet for Hallingdal vil ta opp godtgjersle til forliksråd via politiske kanalar, for å få justert opp satsane.

SAK 32/16 HALLINGDAL KARRIERESENTER, ORIENTERING

Nina E. Høgmo og Øyvind Flatland frå Hallingdal Karrieresenter og Reidun Stein OT-rådgjevar –Hallingdal, orienterte om Hallingdal Karrieresenter, vedlagt presentasjon.

Det blir lagt opp til sak og orientering om Hallingdal Karrieresenter på Hallingtinget i oktober 2016.

SAK 33/16 SØKNAD, TV2 ENDING FRÅ HILLBILLY HUCKFEST**Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal rår til det blir løyvd eit tilskot på kr. 200.000 til produksjon av tv-produksjon av sykkelfestivalen Hillbilly Huckfest 2016, under føresetnad at filmen blir synt på Tv2, og har ei varigheit i storleik 40 - 45 min.
Ved eventuell reduksjon av sendetid blir tilskot redusert tilsvarande. Sendetid er sett til minimum 20 min., som vil utløyse eit tilskot på kr. 100.000
2. Tilskotet blir finansiert av partnerskapsavtala med Buskerud fylkeskommune for 2016.
3. Regionrådet for Hallingdal vil kunne nytte filmen og delar filmen vederlagsfritt til eige bruk og til bruk i relevante prosjekt i Hallingdal.

**SAK 34/16 SØKNAD OM STØTTE TIL «BACHELOR I GUIDE OG
ENTREPRENØRSKAP I NATURBASERT REISELIV» 2017-2019****Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal løyver eit tilskot på inntil kr 1.200.000, til gjennomføring av høgskuletilbodet «Bachelor i guide og entreprenørskap i naturbasert reiseliv», for dei tre fyrste skuleåra (perioden 2017 – 2020). Fordeling pr. år og tidspunkt for utbetaling skal avklarast nærare.
2. Løyvinga vil vera maks. 40% av driftskostandane pr. år, og innanfor eit maksimalt driftsbudsjett på kr. 1.000.000 (etter fråtrekk studentavgift). Ved redusert driftsbudsjett blir tilskot prosentvis redusert tilsvarande.
3. Tilskotet blir finansiert av regionalt næringsfond.
4. Tilskot blir ikkje utbetalt før:
 - a. Det føreligg endeleg prosjektplan
 - b. Det er gjennomført forhandlingar med Universitetet i Stavanger og det føreligg endeleg avtale for prosjektperioden, og intensjonsavtale for vidare utvikling og samarbeid
 - c. Finansiering for prosjektperioden er sikra
5. Det må arbeidast vidare med forslag til organisering av høgskuletilbodet, der Regionrådet for Hallingdal vil ta stilling til dette når det føreligg nærare vurderingar. Dette arbeidet kan skje i nært samarbeid med dagleg leiar i Regionrådet for Hallingdal.
6. Høgskuletilbodet «Bachelor i guide og entreprenørskap i naturbasert reiseliv» må profilerast med ein tydeleg hallingdalsprofil.

SAK 35/16 NYE FOLKEVALDE REGIONAR

Med bakgrunn i drøfting på Hallingtinget si samling 30.5.2016 drøfta Regionrådet for Hallingdal vidare prosess og aktuelle alternative løysingar.

- Møte med Regionstyret i Valdres 29.6.2016
- Ekstra møte i regionrådet i byrjinga av juli for handsaming av forslag til uttale

Alternative løysingar for Hallingdal:

- Buskerud, Vestfold og Telemark
- Buskerud, Akershus og Østfold
- Fjellregion
- Buskerud
- Andre alternativ

Vedtak

Dagleg leiar utarbeidar sak med vurdering av ulike alternativ.

SAK 36/16 NY STORTINGSMELDING OM BÆREKRAFTIGE BYAR OG STERKE DISTRIKT**Vedtak**

Dagleg leiar utarbeidar sak med bakgrunn i Fjellnettverket si samanstilling og innspel frå regionrådet.

SAK 37/16 REGIONALE IDRETTSANLEGG**Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal vil vidareføre arbeidet med vurdering av regionale idrettsanlegg, ref. sak 53/13.
2. Regionrådet for Hallingdal sine representantar i arbeidsgruppa er Petter Rukke og Heidi Granli.
3. Regionrådet for Hallingdal ber om at arbeidet blir gjennomført innan 1.12.2016.

SAK 38/16 SØKNAD OM TILSKOT, TOUR OF NORWAY 2016**Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal gir avslag på søknad frå Interspons AS om kr. 150.000 i støtte i samband med Tour of Norway 2016.

SAK 39/16 EVENTUELT**Møte med NSB**

Dagleg leiar tek initiativ til møte med NSB persontrafikk og regionrådet, i Hallingdal i august 2016.

Hallingbussen

Det blir lagt opp til ei prøveordning med Hallingbussen i tidsrommet 1.8-31.12 2016 der avtala blir mellom Regionrådet for Hallingdal og Nettbuss. I denne perioden skal Hallingbussen gå direkte, ikkje via Drammen. Buskerud fylkeskommune har løyvd kr. 200.000 til prosjektet og eventuell meirkostnad utover dette må dekkjast av Regionrådet for Hallingdal. Forhandlingar med Nettbuss blir gjennomført av dagleg leiar i byrjinga av juli.

Regionrådet drøfta rutetider, det er eit klart ynskje at bussen er i Oslo seinast ca. 09:30.

Fjellkonferansen

Fjellkonferansen 2016 blir 3-4. nov, med tema ungdom,.

TV-aksjonen 2016

Det vart drøfta om det eventuelt skal vera noko felles for Hallingdal i samband med TV-aksjonen 2016. Avklaring på neste regionrådsmøte.

SAK 40/16 GODKJENNING AV PROTOKOLL

Vedtak

Protokollen er godkjent.

Hol 24.6.2016

Petter Rukke, Hol kommune

Solveig Vestenfor, Ål kommune

Heidi Granli, Gol kommune

Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune

Tore Haraldset, Nes kommune

Tor Egil Buøen, Flå kommune

I samband med regionrådsmøte var det synfaring/orientering om Vinn Hallingdal, avd. Hol og Høgehaug bo- og behandlingssenter.

Vedlegg

Sak 32-16, presentasjon Hallingdal Karrieresenter